

# **ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2016 – 2020**



## **GRANVIN HERAD**

Vedteken av Granvin heradsstyre 15.juni 2016

## Innholdsfortegnelse

1. INNLEIING .....	3
1.1 Nye lovbestemmelsar.....	3
1.2 Planprosess.....	3
2. Omtale av rusmiddelsituasjonen.....	4
2.1 Nasjonalt.....	4
2.2 Lokalt .....	4
3. Alkoholpolitiske mål og strategiar.....	4
3.1 Nasjonale mål.....	4
3.2 Lokale mål.....	6
3.2.1 Hovudmål .....	6
3.2.2 Delmål:.....	6
4. Tiltak for å avgrensa alkoholbruken .....	7
4.1 Førebyggjande tiltak.....	7
4.2 Tiltak for å avgrensa tilgang av alkohol.....	7
4.2.1 Retningsliner for sals løyve.....	7
4.2.2 Retningsline for skjenkeløyve.....	8
4.2.3 Gebyr for sal og skjenking .....	9
4.2.4 Gebyr for ambulerande løyve og einskildløyve .....	9
5. DELEGASJON .....	10
6. KONTROLL MED SAL OG SKJENKELØYVE .....	10
6.1 Kontrollutval.....	10
6.2 Sals- og skjenkekонтрол.....	10
6.3 Reaksjonsreglement – prikkbelastningssystemet .....	11
Vedlegg. (uprenta).....	12
1. Lovverket .....	12

Vedlegg

## 1. INNLEIING.

Etter § 1-7d i Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. – heretter alkohollova, har kommunen ein plikt til å utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan.

Planen tek ikkje mål av seg å omhandla alle tiltak på rusområdet slik som førebyggjande tiltak innanfor skule og fritid. Heradet har ein eigen ruspolitisk handlingsplan som omhandlar dette. Planen er derimot eit dokument som gjev reglar for alkoholpolitikken i heradet relatert til alkohollova sine mål og reglar.

Planen vil gjelda for inneverande valperiode og slik vera retningsgjevande for ny handsaming av sals- og skjenkeløyve. Dette vil skje på bakgrunn av søknad og koma til handsaming i heradstyret før 01.07.2016

I handlingsplanen finn ein retningslinjer, reaksjonsformer ved brot på alkohollova samt kommunen sitt reglement om opningstid for sals- og skjenkeløyve. Ein viser til Alkohollova og Alkoholforskriften.

### 1.1 Nye lovbestemmelsar

Alkohollova har vorte revidert fleire gonger, siste gong i 2015. Alkoholforskrifta vart revidert sist i 2016.

Nytt 3. og 4. ledd i § 1-6 i alkohollova gir kommunane anledning til å vidareføre sals- og skjenkjebevillingar i 4 nye år dersom kommunen gjennomgår alkoholpolitikken, her under vurderer bevillingspolitikken.

§ 1-8 i Alkohollova og alkoholforskrifta §10-1 – 10-6 omhandlar ny sentral forskrift om prikkbelastning. Denne ordninga skal forenkle saksbehandlinga for kommunane. Den skal være tydeleg og lett å forstå og gje meir rettssikkerheit, likebehandling og forutsigbarheit for både kommunar og bevilgningsinnehavarar. Det er mogelegheit for å kombinere ulike typar overtedelsar.

### 1.2 Planprosess

Gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan vart vedteken i Granvin heradsstyre i 2012. Planen bør handsamast i kvar kommunestyreperiode, då den skal uttrykkja den til ei kvar tid gjeldande alkoholpolitiske målsetjinga til heradet.

Gjeldande plan er revidert/evaluert av administrasjonen og lagt fram til handsaming i heradsstyret før nye sals og skjenkeløyve skal handsamast.

## 2. Omtale av rusmiddelsituasjonen

### 2.1 Nasjonalt

Statistikk som omhandlar omsetting av alkohol har klåre svakheiter og må tolkast med varsemd. Dette på grunn av usikre faktorar knytt til uregistrert forbruk i form av lovleg og ulovleg heimeprodusert alkohol og import som reisegods.

Alkohol er uten sammenligning det mest brukte rusmiddelet. 85 pst. av befolkningen over 18 år har drukket alkohol i løpet av de siste 12 måneder ifølge en undersøkelse gjort av Sintef i 2014. Det totale alkoholkonsumet er høgare i dag enn i 1993, men det totale alkoholkonsumet, det vil sei både registrert og uregistrert forbruk, ser ut til å ha flata ut sidan 2008. Vi ser derimot eit aukande forbruk blant kvinner og middelaldrande og eldre personar. Ifølge Sirus har 17 pst. av befolkninga eit risikofylt alkoholforbruk. Mest risikofylt drikking finn vi blant menn i alderen 16–50 år. Samtidig som mange menneske med eit moderat rusproblem klarar å handtere dette sjølv, eller ved hjelp av familie, nettverk eller sjølvhjelpstilbod, indikerer tall frå Brukerplan (statistikk frå 2013) og rapporter frå Sirus at det er store mørketall når det gjeld alkoholkonsum og at svært mange aldri oppsøker hjelp for sine problem.

### 2.2 Lokalt

Granvin herad har ikkje tal som syner det totale omfanget av rusmiddelbruk i heradet, heller ikkje om det har vore aukande dei siste åra. Lokal omsetning av alkohol kan ikkje skiljast frå den turistbaserte omsetninga. Planen må ta som utgangspunkt at alkohol er ei lovleg omsetjeleg vara der lokalsamfunnet er gjeve fullmakt til å regulera omsetjingsformene gjennom lokale vedtak. Omsynet bak dette er at lokal politisk styring skal påverka omsetjinga for å nå dei overordna føremåla med alkohollova, jf. § 1-1 .

## 3. Alkoholpolitiske mål og strategiar

Denne planen vil ikkje omhandla førebyggjande og kurative tiltak etter Helse og omsorgstenestelova, folkehelselova, lov om sosiale tenester i NAV eller barnevernslova. Planen skal vera ein alkoholpolitisk handlingsplan slik det kjem fram i alkohollova § 1-7d. Omsynet bak dette er imidlertid å avgrensa omsetjinga av alkoholhaldige varer ut frå det grunnlaget at der er ein samanheng mellom tilgangen på alkohol og dei individuelle og samfunnsmessige skadeverknadane som kan følgja av bruk.

### 3.1 Nasjonale mål

Nasjonale mål på rusmiddelområdet er å halda opp ein sterk kontrollinnsats, styrkja opplysningsverksemda og byggja ut eit meir tilpassa behandlingstilbod. Målet er dessutan å gjennomføra ei heilskapleg førebygging.

Fordi utgangspunktet er ulikt, har alkoholpolitikken og narkotikapolitikken til dels ulike mål. Alkohol er ei lovleg og legitim vare, medan bruk av narkotika er illegalt. Unnatak for det siste er situasjonar der ein av medisinske grunnar nyttar stoffet. Det er likevel behov for å sjå rusmiddelpolitiske tiltak i samanheng.

Dei nasjonale måla kan konkretiserast slik:

- Redusera skadeverknader av alkoholbruk, individuelt og for samfunnet
- Redusera misbruken av cannabis, ecstasy og liknande stoff mellom ungdom og yngre vaksne
- Auka kunnskap om samanheng mellom bruk/misbruk av ulike rusmiddel
- Heva debutalder for bruk av alkohol
- Styrka negative haldningar til narkotika og misbruk av alkohol

Strategiar for å oppnå måla:

- Normerte regler for inndraging av bevilling
- Innføringa av et prikktildelingssystem vil bidra til auka forutsigbarheita for bransjen
- Heim og skule må samarbeida i det haldningsskapande arbeidet. Frivillige krefter må mobiliserast på brei basis
- Det førebyggjande arbeidet skal ha eit langsigktig perspektiv
- Innsatsen skal rettast mot alle innbyggjarane og mot risikogrupper.
- Ungdom og unge vaksne skal vera viktige målgrupper for innsatsen

## 3.2 Lokale mål

Dei nasjonale mål og strategiar passar lokalt. Dei rusmiddelpolitiske måla ovanfor kan leggjast til grunn for det lokale arbeidet. Det er viktig å sikra ei heilskapleg integrering av planen i heradet. Rusmiddelbruk er ikkje berre eit sosialt problem, det er mellom anna òg eit helseproblem. Ein føresetnad for å løysa problem som knyter seg til alkohol og narkotika, er tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Det kan hindra at rusmiddelpolitikken blir avgrensa til næringspolitikk og/eller arbeid i helse- og sosialtenesta med dei som treng behandling. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet omfattar helsetenesta, skule, kultur- og organisasjonsarbeid m.m.

Utover dette ligg følgjande prinsipielle målsetjingar til grunn for Granvin herad sin alkoholpolitikk, jf. alkohollova § 1-1:

### 3.2.1 Hovudmål

**1. Etablera eit sett med reglar og rutinar for heradet si handsaming av sals- og skjenkesaker i samsvar med gjeldande lover og føresegner sine reglar, og kontroll med at utøvinga av sals- og skjenkeløyve skal gå føre seg i trygge former. Nærings må sikrast tryggleik og rammer som ho kan rekna med gjeld også i framtida.**  
**Det skal leggjast vekt på samarbeid med sals- og skjenkenæringa for å sikra gjennomføring av dei tiltaka som vert nedfelt i planen samstundes som mål 2 og 3 vert tilstrekkeleg ivaretekne.**

- 2. Granvin herad skal både politisk og administrativt ta omsyn til og medvite støtta haldningsskapande arbeid innan det alkoholpolitiske og rusførebyggjande området.**
- 3. Granvin herad skal utøva alkoholpolitikken, herunder handsama einskildsaker, i samsvar med lovkrav på området og god forvaltingsskikk.**

### 3.2.2 Delmål:

1. Det vert generelt ikkje gjeve løyve til skjenking i einskildhøve der born og voksne saman er målgruppe, og til tilskipingar av idretts- og frilufts messig karakter, men kan bli gjeve dersom alkoholserveringa er i lukka område på tilskipingsstaden.
2. Det vert oppretthalde eit ambulerande skjenkeløyve som heradet leiger ut etter søknad. Ambulerande skjenkeløyve kan gjelda for øl, vin og brennevin.
3. Granvin herad skal stå tilslutta interkommunal alkoholkontrollteneste slik det framgår av tidlegare avtale mellom heradet og Kvam herad.  
Det skal gjennom interkommunal alkoholkontrollteneste m.a. arbeidast for skiping av sams reglar og praksis mellom deltakande kommunar for å sikre like rammevilkår for sals- og skjenkeverksemndene så lang som råd.  
Granvin herad skal i kontrollarbeid leggja særleg vekt på samarbeid med og informasjon til sals- og skjenkenæringa.
4. Alkoholpolitisk plan skal takast opp til ny vurdering innan juni 2020.

## 4. Tiltak for å avgrensa alkoholbruken

### 4.1 Førebyggjande tiltak

Problem som knyter seg til rusmiddelbruk, oppstår i eit samspel mellom individ, rusmiddel og tilhøve i samfunnet. Skal samfunnet lukkast i å unngå dei problema som rusmiddelbruk kan føra med seg, må ein førebyggja på alle dei ulike arenaene innbyggjarane ferdast i, som heim, skule, fritidsarenaene og arbeidsplassen. Denne planen avgrensar seg til å regulera korleis tilgangen til legale rusmiddel skal vera.

#### *Avgrensa tilgang til rusmiddel*

Omfattar forbod og restriksjonar som gjeld sal og skjenking av alkohol, og samarbeid med det lokale politiet om tiltak mot ulovleg narkotikaomsetning.

#### *Redusera etterspørserelen etter rusmiddel*

Omfattar alt som reduserer etterspørserelen, dvs. informasjon om skadar, innlæring av normer og verdiar, prisnivå og tiltak som reduserer behov for rusmiddelbruk.

### 4.2 Tiltak for å avgrensa tilgang av alkohol.

Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk (alkohollova) regulerer tilgjengenget av alkoholhaldig drikk mellom anna gjennom ordninga med løyve, fastsettjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg, og kontroll med at løyvehavarane følgjer vilkåra.

#### 4.2.1 Retningsliner for sals løyve.

##### **Generelt for alle sals løyva:**

Skjenke- og sals løyva gjeld for perioden 01.07.2016 til 31.06.2020.

##### **Sal av øl kan berre skje innanfor denne tidsråma:**

Måndag til fredag kl. 08.00 til kl. 20.00

Dagen før Kr. Himmelfartsdag kl. 08.00 til kl. 20.00

Laurdag og dagar før heilagdagar kl. 08.00 til kl. 18.00

Sal- og utlevering av øl skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

I henhold til endringar i alkohollova § 3-4 og 3-7 er det frå 2016 opna for sal av alkoholholdig drikke på valdagar for stortingsval, fylkestingsval, kommuneval og folkeavstemming i Granvin herad.

**For alle sals løyva gjeld:**

- for løyva vert det å betala ei årleg avgift for sal/skjenking av alkoholhaldig drikk med heimel i alkohollova § 7-1.
- Løyvehavar pliktar til ei kvar tid å kjenna dei reglar som gjeld for løyvet, her under kravet til internkontroll, og gje melding til løyvemynde om endringar i driftskonsept/sentrale personar/eigarforhold m.v, jf. § 1-10.
- Løyvet kan inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lenger gjeld, event. manglande godkjenningar.
- vidare kan løyvet inndragast om løyvehavar og personar jf. § 1-7 b og c ikkje følgjer krav etter brannlov, pålegg frå næringsmiddeltilsyn/ arbeidstilsyn, ikkje svarar for skatt og avgifter eller bryt andre relevante lover.

#### 4.2.2 Retningsline for skjenkeløyve

**Generelt for alle skjenkeløyva:**

Skjenkeløyva gjeld for perioden 01.07.2016 til 31.06.2020

**Skjenking kan skje til desse tider:***Sundag til og med torsdag*

Øl og vin kl. 08.00 til kl. 01.30  
Brennevin kl. 13.00 til kl. 24.00

Maksimal opningstid til kl. 02.00

På kvardagar før bevegelege heilagdagar vert skjenke- og opningstid som fredag/laurdag.

*Fredag og laurdag*

Øl og vin kl. 08.00 til kl. 02.00  
Brennevin kl. 13.00 til kl. 01.00

Maksimal opningstid til kl. 02.30

Ute skjenking avsluttast innan kl. 23.00

Skjenking av brennevin er forbode på stemmedagar for stortingsval, fylkesting og kommunestyre og folkeavstemning i Granvin herad.

#### **For alle løyva gjeld:**

- for løyva vert det å betala ei årleg avgift for sal/skjenking av alkoholhaldig drikk med heimel i alkohollova § 7-1.
- løyvehavar pliktar til ei kvar tid å kjenna dei reglar som gjeld for løyvet, her under kravet til internkontroll, og gje melding til løyvemynde om endringar i driftskonsept/sentrale personar/eigarforhold m.v, jf. § 1-10.
- løyvet kan inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lenger gjeld.
- vidare kan løyvet inndragast om løyvehavar og personar jf. § 1-7 b og c ikkje følgjer krav etter brannlov, pålegg frå næringsmiddeltilsyn/ arbeidstilsyn, ikkje svarar for skatt og avgifter eller bryt andre relevante lover.

#### *4.2.2.1 Bevilling for tilverking av øl og vin.*

Ved lovendring i 2003 kan skjenkebevilling no utvidast til å omfatta tilverking av øl og vin eller innførsel av dei typar alkohol som bevillinga gjeld for, for skjenking i eiga verksemd. Søknad om slik tilverking vert å handsama som einskildsaker i samsvar med reglane i alkohollova, og gjeldande delegasjonsreglement.

#### *4.2.2.2 Ambulerande skjenkeløyve.*

Det er oppretta eit ambulerande skjenkeløyve som kan tildelast etter søknad i samsvar med alkohollova § 4-5.

Skjenketid for ambulerande løyve er vert sett inntil kl. 02.00.

Det vert krev avgift for slikt løyve i samsvar med gjeldande avgiftssatsar.

Omgrepet "slutta selskap" er sentralt i vurderinga av tildeling av ambulerande løyve, og ved løyvefri skjenking. Granvin herad legg rundskriv I-6/98 til grunn for forståinga av omgrepet. Konkret inneberer dette at eit slutta selskap må vera tufta på personlege invitasjonar frå den/dei som inviterer til selskapet, og at det er heilt klårt før skjenkinga tek til kven som har takka ja. Ingen andre skal ha tilgang til selskapet. Skjenkinga må vera vederlagsfri. Dette inneberer at utgifter til alkohol ikkje kan vera innbakt i t.d. inngangspengar.

#### *4.2.3 Gebyr for sal og skjenking*

Kommunen skal med heimel i alkohollova § 7-1 innkrevja gebyr for sals- og skjenkeløyve. Gebrysatsane er fastsett sentralt, jf. forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2 med minimumsgebyr for sal med f.t kr 1.540,- og skjenking f.t kr 4.800,- Satsen for bruk av eit ambulerande løyve er f.t. max kr 340,-

#### *4.2.4 Gebyr for ambulerande løyve og einskildløyve*

Forskrift av 11. desember 1997 nr. 1292 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2 gjev den som har bevillingsmynde kompetanse til i særlege høve å fastsetja lågare gebyr enn det som er sentralt fastsett.

Dette tyder at løyve for eit einskild høve avgifts messig er likestilt med eit alminneleg løyve. Forskrifta seier då at heradet kan krevje kr. 4.800,- for kvart einskildløyve.

Problemstillinga her er at store og små arrangement har same gebrysats, dvs. at ein lokal fest og ein stor festival har same sats. Det er meir arbeid med søknadshandsaminga for ein stor festival der også omsetjinga kan forventast å vera større.

Ved fastsettning av avgift for einskildløyve vert dette teke omsyn til og følgjande retningslinjer lagt til grunn:

Ved vederlagsfri skjenking: kr 250,-

Arrangement med inntil 100 deltagarar: Kr 1000,-

Arrangement med inntil 250 deltagarar: Kr 2000,-

Arrangement med over 250 deltagarar. Kr 4.800,-

## 5. DELEGASJON

Heradet sitt delegasjonsreglement inneber at rådmannen er delegert avgjerdsmynde i saker om tildeling av ambulerande skjenkeløyve, skjenkeløyve ved einskildhøve og handsaming av søknader om utvida opnings- og skjenketid.

Rådmannen har vidaredelegeret sitt vedtaksmynde til einingsleiar for helse- og omsorg

## 6. KONTROLL MED SAL OG SKJENKELØYVE

### 6.1 Kontrollutval

Med heimel i alkohollova § 1-9 og forskrifter av 11. desember 1997 nr. 1292 kapittel 10 om kommunale kontrollorgan skal kvar kommune ha eit utval som tek seg av kontrollen med sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. I Granvin er denne funksjonen lagt til Klientutvalet.

Kontrollutvalet skal mellom anna:

- føra tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet og dei kommunale retningslinjene elles.

Skjenkjakontrollen i kommunen bør først og fremst leggja vekt på å kontrollera

- sals- og skjenketidene
- aldersgrensereglane
- om det blir selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar
- rettleia løyvehavarane om føresegnehene i alkohollova og eventuelle lokale forskrifter
- leggja grunnlag for sanksjonar, t.d. inndraging, dersom lov, vilkår eller retningslinjer blir brotne

### 6.2 Sals- og skjenkekонтрол

Grunnlagsmaterialet for den kommunale kontrollen vert levert av den interkommunale skjenkekontrollen for Hardanger og Voss.

Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøvar for styrarar og nestansvarlege i verksemder som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve, jf. § 1-7c i alkohollova. Kommunen kan også halda slike kunnskapsprøvar for kandidatar som ikkje er knytte til verksemder med løyve. Sosial- og helsedepartementet har fastsett forskrift om

dokumentasjon av kunnskapar. Slike prøver vert praktisk avvikla av den interkommunale skjenkekontrollen.

### 6.3 Reaksjonsreglement – prikkbelastningssystemet

Ved brot nemnt nedanfor skal kommunen tildele bevillingshavar eit bestemt antal prikker. Likearta brot avdekka ved same kontroll skal sjåast som eit enkelt brot.

Fylgjande brot fører til tildeling av ein prikk:

- brot på kravet om alkoholfrie alternativer
- brot på regler om skjenkemengde
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk
- gjester medtar alkohol ut av lokalet
- brot på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted
- brot på vilkår i bevillingsvedtaket
- brot på reklameforbudet
- andre brot som vert omfatta av alkoholloven § 1-8 fyrste ledd, jf. blant anna alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Fylgjande brot fører til tildeling av to prikker:

- det vert gitt adgang til lokalet til person som er openbart påverka av rusmidlar, eller bevillingshavar syrgjer ikkje for at person som er openbart påverka av rusmidlar forlèt staden
- manglar ved bevillingshavars internkontroll
- manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist
- manglande betaling av bevillingsgebyr innan kommunen sin frist
- brot på krav om styrar og sted fortredar
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden
- gjentatt diskriminering

Fylgjande brot fører til tildeling av fire prikker:

- sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar
- skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirka av rusmidlar
- brot på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsane
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år
- brudd på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk

Fylgjande brot fører til tildeling av åtte prikker:

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år
- brot på bistandsplikten

- brot på kravet om forsvarlig drift
- hindring av kommunal kontroll

Dersom bevillingshavar i løpet av ein periode på to år får tildelt til saman 12 prikker, skal bevillinga innndras for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikker skal lengda på innndraginga aukas tilsvarande.

Dersom det føreligg heilt spesielle og svært formildande omstende kan heradet tildele færre prikker for eit brot enn det som følger av over nemnte.

Dersom det føreligg svært skjerpa omstende, kan heradet tildele fleire for eit brot enn det som følger av over nemnte.(jf. alkoholforskriften § 10-3)

## Vedlegg. (uprenta)

### 1. Lovverket

Lovverket inneholder visse rammer for rusmiddelpolitikken. Det pålegg kommunen å løysa ei mengd oppgåver på rusmiddelfeltet.

Først og fremst gjeld det desse lovene:

- Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. (alkoholloven)
- Lov av 24 juni 2011 nr 29 om folkehelsearbeid. (Folkehelseloven)
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse og omsorgstjenester m. m (helse og omsorgstjenesteloven)
- Lov av 14 desember 2012 nr. 80 om sosiale tjenester og arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)
- Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernsloven)
- Lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)